

Høyringsuttale til Formannskapet si innstilling til handlingsplan og økonomiplan for 2024-2027

Til gruppeleiarar, ordførar og kommunedirektør i Kinn kommune

FIN er svært opptatt av at kommunen vår skal stå fram som næringsvenleg slik at eksisterande og nye verksemdar utviklar seg og etablerer seg i Florø. På same måte ønskjer vi at kommunen med sine tenester er attraktiv for busetting i Florø. Dette gjer tilgangen på kompetansesterke medarbeidarar til verksemdene våre lettare og styrkar dessutan det økonomiske grunnlaget for kommunen med høgare innbyggjartilskot frå staten og høgare skatteinngang til kommunen.

KAPASITETSUTFORDRINGAR BYGGE/REGULERINGSSAKER

Næringslivet i Florø går på dei fleste område godt, dei er omstillingsvillige og mange verksemdar er på god veg inn i det grøne skifte. Tilbakemeldingar styret i FIN får er at mange av medlemmane våre opplever god sakshandsaming av reguleringsaker og byggesaker, sjølv om ein i den seinare tid har opplevd kapasitetsutfordringar hos kommunen på dette feltet. Dette ber vi om vert teke omsyn til når ein no dimensjonerer ressursar til dette.

VATN/AVLØP

Kommunen har ei svært offensiv satsing på fornying og utbygging på vatn-og avløpsområdet. Sidan kostnadane til det skal kvelvast over på brukarane, har FIN forståing for at vatn/avløpsavgiftene aukar. Men dei er allereie på eit høgt nivå samanlikna med kommunar rundt oss, t.d. er vassavgifta vår nesten dobbel så høg som i nabokommunen Sunnfjord. Den føreslegne auken på vassavgifta no med 25% er såleis altfor høg både for private og næringsliv. Kommunen må heile tida vurdere det årlege omfanget av investeringar på området, og ikkje minst sikre rasjonell utbygging og val av kostnadseffektiv materiell og løysingar. Dessutan må kommunen verte mykje betre på å kommunisere kvifor ein treng å ta desse store investeringane som uavkorta fører til høgare kommunale avgifter.

GEBYRREGULATIVET

Kommunen reviderer årleg gebyrregulativet sitt, og oftast vert det regulert i samsvar med den generelle prisstigninga. Slik er det også i dette budsjettforslaget med om lag 4-5%. Men som vi har påpeikt i tidlegare høyringsuttalar, er gebyrnivået på private planforslag og for byggesaker svært høge., særleg med nabokommunen vår Sunnfjord. Eit slikt nivå på avgjerande gebyr for næringslivet er svært øydeleggjande for vidare utbygging og utvikling, og vi ber om at dette vert redusert til nivå i kommunar vi kan samanlikne oss med. Samstundes kan det ikkje vere automatikk i at alle gebyr skal prisjusterast utan at det vert vurdert om dei dekker kostnadane allereie.

EIGEDOMSSKATT

I forslag til nytt budsjett vert promillesatsane for næring og bustad foreslege auka frå 5 til 6 promille for næring og frå 3,3 til 4 promille for bustad og ein vidare vekst utover dette i økonomiplanperioden til maksgrensene 7 og 5 promille. Dette betyr at eigedomsskatten i kommunen aukar med omlag 50% over 2 år! Ein auke i ein allereie høg eigedomsskatt, gjer kommunen vår mindre attraktiv og etablere og busette seg i. Samanliknar vi oss med kommunar nær oss, slår dette feil ut. Og når ein allereie signaliserer høgare kommunale vass- og avløpsavgifter og samstundes andre kommunale gebyr aukar, skapar dette store utfordringar for etablerings- og bulyst. Vi ber derfor om frys i eigedomsskatten og at det vert lagt til rette for ein reduksjon i denne i den vidare økonomiplanperioden.

Florø 20.november 2023

Med vennleg helsing styret i Flora Industri- og Næringsforening

Bjørn Hollevik

Leiar FIN

bjorn.hollevik@eninvest.net // 913 81 879